



Lasteskipet Norne, ført av Vidar Koløy, på veg inn Storsund i går.(Foto: Arne Rød)

Ein merksam lesar har sendt oss ei retting på det vi skreiv om lasteskipet NORNE og satellittregistrering i går. Det er ikkje satellitt som registrerer skipstrafikken på kysten. AIS og er eit automatisk identifikasjonssystem for skip, som sender informasjon om posisjon, kurs, fart, destinasjon og andre opplysningar til landbasert basestasjonar langs kysten. Informasjonen er kopla opp til internett.



Stasjonane kan vera ute av drift i periodar. Då manglar skipet på kartet. Terrenget kan og vera eit hinder. Innseglinga til Ranavik er døme på det siste.

I Hardangerfjorden finn vi ikkje dette utstyret. Difor kan vi ikkje fylgja skipstrafikken lenger inn enn til Varaldsøy. I godt ver kan vi rett nok sjå fjerja i trafikk mellom Jondal og Tørvikbygd.

AIS data finn du på maritimtraffic.com eller du kan gå inn på avisa Sunnhordland og finna fram til Skipstrafikk i Sunnhordland.

Klikk på illustrasjonsfotoet her så vert det tydelegare.

Tekst: Kristian Olav Bringedal